



Sak 5 Lovendring: Endring i §4 Landsmøte

Bygdelagssamskipnaden (BLS) har kome med framlegg om endring av paragrafen i lova til Noregs Ungdomslag, som gjeld §4 Landsmøte.

Noverande tekst i §4, 2 c: *“Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker det vil ta med på den endelege saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ikkje fører opp på saklista, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp”.*

BLS sitt framlegg til ny tekst §4, 2 c: *“Alle saker som er melde i rett tid vert sette på saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ynskjer at møtet ikkje skal ta opp, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet takast ut av saklista”.*

Grunngjevinga frå forslagsstillar:

Hovudregel er at alle saker skal setjast på saklista. Styret må grunngje om saker som er melde til rett tid, ikkje skal behandlast på møtet. Denne endringa gjer at NU-lova er meir i tråd med mønsterlova som gjeld for fylkes- og lokallag.

Styret si vurdering:

Framlegget frå BLS fører til at alle saker som er innmeld av laga skal stå på saklista til landsmøtet uavhengig av relevans og saksførebuing. Konsekvensen av ei slik lovendring er at det kan bli saker å handsame på landsmøtet som ikkje er relevante å ta opp, allereie er gjennomført, bryt med andre prinsipp og saker som det først burde vere kjørt prosessar på i organisasjonen.

Styret er samde i at det er god demokratisk praksis at alle innkomne framlegg blir lagt fram for landsmøtet. Vi ønsker likevel at det i saker der det t.d. allereie er fatta vedtak eller sett i gang arbeid, eller der ein ønskjer meir kunnskap, er tilstrekkeleg at saka blir referert frå talarstolen med grunngjeving for kvifor den ikkje kjem på saklista. Den som har fremma saka kan da be om at han likevel blir teke opp.

I styret sin vurdering legg vi til grunn at det å avvise saker ikkje er hovudregelen, og at i dei høva ein vel ein anna saksgang skal det være godt grunngjeve.

Styret i NU kjem difor med eit anna alternativ til endring av lova. Framlegget frå styret er tenkt å ta vare på intensjonen frå BLS sitt framlegg, samstundes som ein sikrar god saksførebuing i alle saker. Styret sitt framlegg er: Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styret si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.

Framlegg til vedtak:

§4, 2 c: «Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styrets si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»